

**Vedtak:**

Styret vedtok innspill til opptrappingsplan for jordbruket.

**Saksutredning****Innspill til opptrappingsplan for jordbruket:**

Rogaland Bondelag krev inntektsløft i tråd med årsmøtevedtak i Norges Bondelag. Viser til undersøkinga Landbruksråd Rogaland har gjort som viser at 20% av bøndene ikkje ser føre seg drift i 2030. Dette viser viktigheita av å skape optimisme for framtida knytt til økonomi.

Inntektsløftet må skje på ein måte som:

- Ikkje er strukturdrivande og sentraliserande. Ein må forventast strukturendringar også framover, men endringar i struktur må ikkje vera ein forutsetning for å oppnå inntektsutjamning.
- Aukar sjølvforsyninga.
- Gjer varig effekt. Samtidig med inntektsløft må ein passa på balanse i marknaden, både på kort og lang sikt.

Inntektssida:

Rogaland Bondelag ynskje eit størst mogleg uttak i pris i marknad, men ser at handlingsrommet er lite». For å auka prisen er ein avhengig av betra importvern og auka midlane til RÅK. Det føreset balanse mellom produksjon og marknad for å løfta prisen til produsent.

Den inntektsveksten som ikkje kan takast ut i marknaden må dekkast med tilskot.

- AK-tilskot/Endring av soner - styrka moglegheit for kostnadskompensasjon i sonane

- Kostnadsreduksjon/kompensasjon, som blant anna rentestøtte
- Vidareføring av straumstøtte
- Investeringsstilskot, som skiljast frå jordbrukstilskotet og førast til andre poster i budsjettet.
- Rogaland er underfordelt med investeringstilskot.
- Støtte til klimatiltak, miljøtiltak og styrka dyrevelferd. Som ikkje er rein kostnadskompensasjon, men går over kostnadane.
- Klimaomstilling fører til auka nedbør og lengre tørkeperiodar. Støtta til grøfting, drenering og vanningsanlegg må aukast kraftig.
- Styrka tilskot til rådgjeving
- Tilskot og risikoreduserande tiltak ved investering i solceller, biogass etc.
- Finansiering av rådgjevingstenester
- Kjodemakta må utfordrast slik at bondens inntekt som del av pris kan styrkast
- Leige av jord og kvote – styrke føreseielegheita for leigetakar.
- Styrka og meir differensierte kvalitetstilskot for kjøtt, og nytte den eksisterande marknaden og sikre forbruker tilgang til kvalitetsprodukt.
- Skatteordningar
- Innføre omsetningsavgift for importert kjøtt
- Innføre teigtilskot

Forenklingar:

- Forenkle KSL og liknande kontrollregime
- Fjern telledato, redusert tilskot til dei som vel å stå utanfor husdyrregisteret.
- Beitekravet må tilpassast lokalt klima.

Viser til vårt innspel til jordbruksforhandlingane:

- Målpris på melk må utfordres kraftig. Det er behov for et kunnskapsgrunnlag fra markedsregulator om hvor mye tollvernet må styrkes dersom man øker prisen med for eksempel 1 kr, og man ikke skal tape volum.
- Målpris på melk bør knyttes til en standard verdi for tørrstoff tilsvarende 4,0 % fett og 3,2% protein. Tørrstoff og elitemelk-tillegg tas ut av målpris. Ved å ta ut all kvalitet- og tørrstoffbetaling fra målprissystemet, frigjøres i størrelsesorden 80 øre pr liter.
- Sikre stabil marknad i svineproduksjon, og sikre investeringsmidler og rentestøtte for fornying.
- Sau og ammeku: Tilskot til må vere retta konkret mot produktive dyr.
- Avløsertilskudd til ferie og fritid må tilbake til å brukes til lønna timer avløsning. Dagsats og tak må økes.